



Referat

STYREMØTE I SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Møtedato: Torsdag 18. juni 2025

Tidspunkt: kl. 14.30, Saunesmarka.

Styremedlemmer som er kalla inn:

Anne Holstad - forfall

Christoffer Eiken

Camilla Storøy

Arnulf Goksøyr - forfall

Anne Marte Beitveit

Oskar Grimstad

George Fulford

Frå administrasjonen møter:

Dagleg leiar Andrea Øien Sæverud og økonomisjef Gunn Røyset.

Sakliste – vedtakssaker:

SAK S16/25

Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner innkallinga og saklista

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjende innkallinga og saklista

Godkjenning av referat

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner referatet frå sist styremøte.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjende referatet frå sist styremøte.

SAK S18/25**Perioderekneskap per april 2025**

Total omsetning i SSR pr april var på 24,2 mill. Dette fordeler seg på avdelingane med 18,5 mill på hushald, 6 mill på næring og 1,8 mill på slam samla.

Driftsresultatet pr april var på 1,8 mill mot eit budsjett på kr. 930.000. Netto finanskostnadar var på 1,4 mill, om lag som budsjettert.

Resultat pr april var etter dette på kr. 460.000 i pluss mot eit negativt budsjett på kr. 440.000.

Resultatet fordeler seg med minus kr. 54.000 på hushald, pluss kr.512.000 på næring og null på slam.

Tilråding til vedtak:

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret tek rekneskapen pr april til vitande. Styret ber om ei utgreiing frå driftsleiar i neste styremøte knytt til vedlikehaldskostnaden i selskapet, samt tiltak for å redusere desse.

SAK S19/25**Låneopptak**

Med bakgrunn i endringa av avfallsforskrifta og pålegg frå Miljødirektoratet om at alle husstandar skal ha henteordning for glas- og metallemballasje, må SSR investere i nye dunkar til dette. Selskapet har i overkant av 11.000 husstandsabonnentar, og eit så omfattande innkjøp blir dermed ein stor kostnad.

Som informert i tidlegare styremøte, har vi eigarkommunar inne på ROBEK-liste, og dette gjer at låneprosessen blir noko lenger enn vanleg.

Prosessen startar med styrevedtak. Deretter går søknad til Statsforvaltaren som tek ei vurdering av saka. Ved positivt svar frå dei, vil det bli sendt søknad til Kommunalbanken. Her vil vi søke å få dette innvilga som ein såkalla grønt lån, som vil gje ei litt lågare rente enn vanlege lån. Etter innvilging av lån, startar prosessen med anbod. Til sist kjem sjølv bestillinga av dunkar/utstyr, før innføringsfasen startar.

I følgje Selskapsavtalen i SSR kan styret godkjenne låneopptak inntil kr. 10 mill utan særskild godkjenning frå eigarkommunane. Dette under føresetnad av at lånet er innarbeidd i budsjettet. Då det hastar med å kome vidare i låneprosessen, føreslår administrasjonen at styret godkjenner vidare arbeid med lånesøknad under føresetnad av at dette blir innarbeida i budsjett for 2026 og økonomiplanen, og dermed at låneopptaket (utbetaling av lånet) først skjer i 2026.

Lånebehovet er rekna ut til å vere 6 millionar kroner.

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner vidare arbeid med lånesøknad på 6 millionar kroner til innkjøp av dunkar for glas- og metallinnsamling. Dette under føresetnad av at det blir innarbeidd i budsjett for 2026 og økonomiplanen.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjenner vidare arbeid med lånesøknad på 6 millionar kroner til innkjøp av dunkar for glas- og metallemballasjeinnsamling. Dette under føresetnad av at det blir innarbeidd i budsjett for 2026 og økonomiplanen.

Sakliste – orienteringssaker:

Sak 21/25 Revidering av etiske retningslinjer

I samband med komande miljøfyrtårnsertifisering har vi gått gjennom arbeidsreglementet og gjort enkelte endringar. Dette inneber mellom anna dei etiske retningslinjene til SSR IKS, som sist blei reviderte og godkjende av styret i september 2012.

Det er ikkje gjort store meiningsberande endringar i retningslinjene, men ei språkleg oppussing. Administrasjonen ønskjer å vidareutvikle dagens etiske retningslinjer til å vere meir i tråd med eigarkommunane sine liknande dokument, og vil legge utvida og reviderte retningslinjer fram for styret på eit seinare tidspunkt.

Vedtak: Styret tek dei endringane i dei etiske retningslinjene til orientering og ber administrasjonen legge fram vidare endringar for medarbeidarane i selskapet for å forankre desse i organisasjonen. Nye etiske retningslinjer vil bli lagt fram for styret på neste møte for vedtak.

Sak 22/25 Rettleiar frå Samfunnsbedriftene om godt styrearbeid i interkommunale selskap

Samfunnsbedriftene har utarbeidd ein ny rettleiar om godt styrearbeid i interkommunale selskap. Sjå vedlegget Godt styrearbeid i IKS.

Andrea Øien Sæverud
Dagleg leiar

George Fulford
styreleiar